

Arbeidsgruppe IKT

Kunnskapsgrunnlag

Introduksjon	1
1.1 Status for tenesteområdet i dag	2
1.2 Gjeldande avtalar internt og mot tredjepart	8
1.3 System og programløysingar	10
Oversikt over maskinvare	10
Oversikt over system og programløysingar	15
1.4 Kompetanse	17
1.5 Relevante nøkkeltal	19
1.6 utfordringar med grunnlag i nasjonale og kommunale føringar	19

Introduksjon

Formålet med kunnskapsgrunnlaget er å danne grunnlag for vidare arbeid med tiltaksplan, grunnlagsdokument og organisasjonsplan for tenesteområdet IKT.

Tenesteområdet IKT er omfattande og går på tvers av samtlige tenesteområder i kommunane. I tillegg har tenesteområdet ei sentral rolle i digitalisering av kommunen. Stortingsmeldinga *Digital Agenda for Norge* definerer eit digitaliseringsprosjekt som *et utviklingsprosjekt eller endringsprosjekt hvor IKT utgjør en sentral del, og som endrer arbeidsprosesser, organisering, regelverk eller teknologi*.

Arbeidsgruppa er fornøyd med kvaliteten for kartleggingsarbeidet og meiner at dette dokumentet og kunnskapen arbeidsgruppa har tileigna seg gjennom arbeidet dannar eit godt grunnlag for vidare arbeid med tiltaksplan, grunnlagsdokument og organisasjonsplan.

Grunna kalendartid og kapasitet i arbeidsgruppa har ein likevel måtte gjere nokre avgrensingar i kartlegginga:

- *1.1 Status for tenesteområdet i dag* gjer ei grundig kartlegging av tenesteområdet IKT, men status for IKT i dei andre tenesteområda er ikkje kartlagt.
- *1.2 Gjeldande avtalar intern og mot tredjepart* gjer ei grundig kartlegging av omfanget, men detaljgraden for informasjonen om avtalane varierar og det er forventa at nokre få og mindre viktige avtalar vil dukke opp i etterkant.
- *1.3 System og programløyningar* gjer ei grundig kartlegging av omfanget, men detaljgraden for informasjonen om systema varierar og det er forventa at nokre få og mindre viktige system og programløyningar vil dukke opp i etterkant.
- *1.5 Relevante nøkkeltal* har berre delvis kartlagt antal brukarar av systema og kontraktsverdi for avtalane

Dei følgjande kapitla presenterer kartlegginga som er gjort for kvart av punkta mandatet for arbeidsgruppa ber om. Grunna omfanget av informasjonen er ein del detaljar trekt ut i eigne vedlegg.

1.1 Status for tenesteområdet i dag

Kommune	Beskriving
Balestrand	<u>Organisering</u> Balestrand kommune har 154 årsverk og 196 tilsette. IKT-leiing: Leiar på Servicetorget. IKT-drift: Sogn og Fjordane fylkeskommune. Support: Lokal support på Servicetorget og enkeltpersonar som vidareformidlar til fylkeskommunen ved behov. Innkjøp: Kjøp av datamaskiner, kontormaskiner, skrivarar, mobilar, nettbrett, projektorar, aktive skjermar og liknande vert gjort av Balestrand kommune gjennom felles innkjøpsavtale (SFFI). Nettverkskomponentar, servere, brannmurløyningar, sikkerheitssystem osv. går gjennom driftsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune og er deira eigedom. Installasjon av programvare, servere, fagsystem, sakssystem osv. går gjennom driftsavtalen. Nokre program vert installert lokalt.

Oppsett/ tanking av datamaskiner: Vert gjort lokalt i Balestrand av leiar på Servicetorget.

Oppsett/ tilbakestilling av mobiltelefonar: Vert gjort lokalt i Balestrand av leiar på Servicetorget.

Administrasjon av telefonabonnement: Vert gjort lokalt i Balestrand av leiar på Servicetorget.

Hovudsystema:

- Administrasjon av sakssystemet vert gjort av leiar på Servicetorget og arkivleiar.
- Administrasjon av skuleadministrativt system vert gjort av ressurs på Sagatun skule.
- Administrasjon av Gerica vert gjort av ressurs innan Helse og omsorg.
- Administrasjon av GIS vert gjort av felles ressurs i regi av Sogn regionråd.

Driftsstatus

Har verken kompetanse eller ressursar til å drifte all IKT sjølv og er avhengige av å kjøpe inn desse tenestene.

Har felles drift av ESA og Visma, frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, slik Sogndal og Leikanger også har.

Rekneskapstal

Samla KOSTRA IKT-regnskapstal for Balestrand i 2017 er kr: 2,79 MNOK eks.mva.

Herav driftsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune på kr: 1,8 MNOK eks.mva. Merk at her ligg det inne personalutgifter som SFFK har i driftsavtalen. Når me trekker ifrå desse vert det totale beløpet for IKT samla i Balestrand på kr: 2,45 MNOK eks.mva.

Merk at utgifter knytt til leige av breiband, bruk av telefon og eigne tilsette kjem i tillegg (Sjå bemanning under).

Bemanning

50% (stipulert) Leiar av Servicetorget er også IKT-leiar. Det er ikkje satt av prosentdel av stillinga til dette arbeidet. 20% stilling som IKT-ressurs innan Oppvekst. Denne stillinga er lokalisert på Sagatun skule.

100% IKT prosjektstilling innan Helse og omsorg i perioden 30. juni 2017 til 30. juni 2018, spesielt satt av for å drive ekstra opplæring i organisasjonen. Før denne tid var det satt av 50% stilling til administrasjon av Gerica i Helse og omsorg. Etter 30. juni 2018 er dette uavklara.

Systemansvarlege for sakssystem og sentrale fagsystem i einingane.

Driftspersonell hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune tilsvarande ei 50% stilling.

	<p><u>Hovedutfordringar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ● Låg brukarkompetanse i organisasjonen lokalt. ● Avgrensa ressursar og personell lokalt. ● Personavhengig, sårbart om ein vert sjuk/ sluttar. ● Lite spesialisering <p><u>Største forbetningsmuligheiter</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ● Auke brukarkompetanse i heile organisasjonen. <p><u>Styrkar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ● Breiddekunnskap og oversyn som gir samhandlingsfordelar ● Lite byråkrati, korte linjer og raske beslutningar ● Gjennomføringskraft ● Nærleik
Leikanger	<p><u>Organisering</u></p> <p>Leikanger kommune har 192 årsverk, 252 tilsette (sommarvikarar og timevikarar kjem i tillegg)</p> <p>IKT-ansvarleg: leiar for serviceekspedisjonen</p> <p>IKT-drift: Sogn og Fjordane fylkeskommune</p> <p>Support: lokal support i serviceekspedisjonen som vidareformidlar til fylkeskommunen ved behov.</p> <p>Kjøper utstyr gjennom avtale med SFFI. Datamaskiner, nettbrett, kontormaskiner, skrivarar, mobiltelefonar o.l. vert kjøpt inn av IKT-ansvarleg i kommunen. Serverar, nettverkskomponentar, brannmur m.m. er kjøpt inn og eigd av fylkeskommunen.</p> <p>Oppsett/tanking av datamaskiner og installasjon av programvare vert utført av fylkeskommunen.</p> <p>Administrasjon av telefonabonnement vert gjort av IKT-ansvarleg i kommunen.</p> <p><u>Driftsstatus</u></p>

Kommunen har verken kompetanse eller ressursar til å drifta IKT sjølv og er heilt avhengig av å kjøpe desse tenestene.

Rekneskapstal

Samla KOSTRA IKT-rekneskapstal i 2017 er 3,11 MNOK eks.mva. Her ligg inne personalutgifter som fylkekommunen har i driftsavtalen. Trekkjer ein frå desse, vert beløpet 2,69 MNOK eks.mva.

Merk at utgifter knytt til leige av breiband, bruk av telefon og eigne tilsette kjem i tillegg (Sjå bemanning under).

Bemanning

Leiar for serviceekspedisjonen er IKT-ansvarleg. I tillegg til leiar, er det 1,2 årsverk i serviceekspedisjonen. Alle driv med IKT-support. Det er ikkje fastsett prosentdel til IKT-arbeid, men me anslår at serviceekspedisjonen nyttar om lag ei 75% stilling til IKT.

Skulane har om lag 67% stilling til IKT fordelt på barneskulen, ungdomsskulen og merkantilt.

Pleie og omsorg har om lag 50% stilling knytt til IKT.

Driftspersonell hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Hovedutfordringar

- låg brukarkompetanse i organisasjonen
- for lite tid/ressursar til å setje seg inn i nye ting og bidra til utvikling/digitalisering

Største forbetningsmuligheiter

- auke brukarkompetanse i organisasjonen

Styrkar

- Breiddekunnskap og oversyn som gir samhandlingsfordelar
- Lite byråkrati, korte linjer og raske beslutningar
- Gjennomføringskraft
- Nærleik

Sogndal

Organisering

Sogndal kommune har ~ 600 årsverk og ~ 700 tilsette.

IKT-ansvarleg: kommunalsjef stab og støtte (med fagleiar hos IKT-drift)

IKT-drift: støtteining IKT

Support: støtteining IKT

Har internt IKT-driftspersonell som løyser oppgåvene knytt til IKT-drift. Kjøper i tillegg driftsovervåkingstenester for kritiske tenester. Kjøper i tillegg 200-300 timar konsulenttenester årlig for support og utvikling - både pga kapasitet og kompetanse. Enkelte fagsystem (blant anna arkiv og lønn- og personalsystem) blir drifta gjennom avtale med Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Kjøper utstyr gjennom fellesavtale med Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Separat IKT-drift for skulane der skulane brukar sine egne budsjett. Separate ressursar og prosessar knytt til dette området, med noko koordinering mellom og felles avtalar for skulane.

Tenesteeiningane har eigne systemansvarlege for fagsystema. Dei systemansvarlege har varierende kompetanse og kapasitet.

Prosessar som blir handtert av IKT-drift

- Planlegging og vedlikehald av infrastruktur / arkitektur: rutere, brannmur, AD, servere, databasar, epost, ...
- Innkjøp av datautstyr
- Oppsett og konfigurasjon av datautstyr
- Støtte / support
- Bistand til prosjektleiing og/eller prosjektdeltaking i digitaliseringsprosjekt
- Tilgangsstyring
- Vedlikehald av tenester og system
- Leverandør oppfølging

Driftsstatus

IKT-drift i eigen regi.

Reknskapstal

Samla KOSTRA IKT-rekneskapstal i 2017 er 5,32 MNOK eks.mva.

Merk at utgifter knytt til leige av breiband, bruk av telefon og egne tilsette kjem i tillegg med personalkostnad 3,06 MNOK eks.mva. (Sjå bemanning under).

Bemanning

3 fast tilsette, 1 engasjement, 2 lærlingar og systemansvarlege for sentrale fagsystem i einingane.

Hovedutfordringar

- Personavhengigheit
- Robustheit
- Lite fagmiljø
- Fagleg breidt spreidd kunnskap/kompetanse – lite spesialisering
- Spreidd arbeidsplass
- Liten kapasitet til å bistå digitaliseringsprosjekt

Største forbetrimuligheiter

- Auke kapasitet
- Større og meir robust fagmiljø
- Formalisere prosessar
- Meir djubdekompetanse på enkelte nøkkelområder/produkt

Styrkar

- Breiddekunnskap og oversyn som gir samhandlingsfordelar
- Lite byråkrati, korte linjer og raske beslutningar
- Gjennomføringskraft
- Nærleik
- Godt nettverk med leverandørar, kommunar og andre aktørar
- IKT-driftskompetanse i støtteeining IKT

- Eigen infrastruktur

1.2 Gjeldande avtalar internt og mot tredjepart

Kapittelet gir ei oversikt over sentrale avtalar på IKT-området utanom avtalar knytt til konkrete IKT-system. Avtalar knytt til konkrete IKT-system er tatt med i *1.3 Oversikt over system og programløyisingar*. Fleire avtalar og meir informasjon om avtalane finnes i vedlegg 1: formål, type avtale, varigheit, oppseiingsklausular, endringsklausular, kontraktsverdi og arkivreferanse.

Kommune	Avtale	Leverandør
Balestrand	Internettilgang	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Balestrand	Internettilgang (sekundære lokasjonar)	Eninvest (via rammeavtale)
Leikanger	Internettilgang	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Leikanger	Internettilgang (sekundære lokasjonar)	Eninvest (via rammeavtale)
Leikanger	Internettilgang (sekundære lokasjonar)	Soggenett
Sogndal	Internettilgang	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Sogndal	Internettilgang (sekundære lokasjonar)	Soggenett
Sogndal	Internettilgang (sekundære lokasjonar)	Telenor / Fjordane IT
Balestrand, Leikanger, Sogndal (og fleire)	Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI)	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Balestrand, Leikanger, Sogndal (og fleire)	Rammeavtale for kjøp av IKT-tenester (gjennom SFFI)	Fjordane IT

Balestrand, Leikanger, Sogndal (og fleire)	Rammeavtale for kjøp av IKT-utstyr og tenester (gjennom SFFI)	Atea
Balestrand, Leikanger, Sogndal (og fleire)	Rammeavtale for Internett samband (gjennom SFFI)	Eninvest
Balestrand, Leikanger, Sogndal (og fleire)	Rammeavtale for datakommunikasjon og små dataaksessar (gjennom SFFI)	Eninvest
Balestrand, Leikanger, Sogndal (og fleire)	Rammeavtale for telefoni- og mobiltrafikk (gjennom SFFI)	Phonero
Balestrand, Leikanger, Sogndal (og fleire)	Rammeavtale for multifunksjonmaskiner (gjennom SFFI)	Thorsen Kontormaskiner
Balestrand, Leikanger, Sogndal (og fleire)	Overordna samarbeidsavtale om IKT-tenester	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Balestrand	Drift av IKT-system (gjennom overordna samarbeidsavtale om IKT-tenester)	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Balestrand	Drift av IKT i skulane (gjennom overordna samarbeidsavtale om IKT-tenester)	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Leikanger	Drift av IKT-system (gjennom overordna samarbeidsavtale om IKT-tenester)	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Leikanger	Drift av IKT i skulane (gjennom overordna samarbeidsavtale om IKT-tenester)	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Balestrand, Leikanger, Sogndal	Norsk Helsennett	Helse- og omsorgsdepartementet

1.3 System og programløysingar

Kapittelet gir ei oversikt over maskinvare, system og programløysingar på IKT-området. Fleire system og meir informasjon om systema finnes i vedlegg 2: formål, versjon, antal brukarar, modular i bruk, integrasjonar, hosting, drift, administrasjon, systemansvarleg, data / innhald, type avtale, varigheit, oppseiingsklausular, endringsklausular, kontraktsverdi og arkivreferanse.

Oversikt over maskinvare

Maskinvare	Kommune	Beskriving
Server	Balestrand	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste. Ikkje mulig å anslå antal servere fordi samme servere blir delt av fleire kommunar og fylkeskommunen.
Server	Leikanger	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste. Ikkje mulig å anslå antal servere fordi samme servere blir delt av fleire kommunar og fylkeskommunen.
Server	Sogndal	3 Nye Fysiske HP serverar Innkjøpt 2017 (God kapasitet). Ca 90 virtuelle serverar/pc. Ca 70 i bruk.
Lagring	Balestrand	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste. Brukar i dag 500 Gb til avdlingsdata. I tillegg kjem lagring på privatområde, epost, databasar og backup. Ein må og ta høgde for RAID-overhead. Bør ta høgde for ca. 6-7 Tb
Lagring	Leikanger	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste. Brukar i dag ca. 400 Gb til avdelingsdata. I tillegg kjem lagring på privatområde, epost, databasar og backup. Ein må og ta høgde for RAID-overhead. Bør ta høgde for ca. 6-7 Tb
Lagring	Sogndal	1 Stk SAN Fujitsu Eternus DX200. Lagring 21 TB

Svitsjar	Balestrand	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ei teneste. Tal svitsjar vert lagt inn 20. mars. 120 svitsjunkt i bruk på lokasjon. Kjernesvitsjar ikkje medrekna, då desse er på leigd serverrom.
Svitsjar	Leikanger	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ei teneste. Tal svitsjar vert lagt inn 20. mars.. 140 svitsjunkt i bruk på lokasjon. Kjernesvitsjar ikkje medrekna, då desse er på leigd serverrom.
Svitsjar	Sogndal	Ca 100 svitsjar smått og stort. Meste parten nytt i 2017. Mykje Aruba. 3 Hovudsvitsjar <ul style="list-style-type: none"> • Kommunehuset HP 8206 • Legesenter HP 5406 • SHOS HP 5412 <p>På SHOS har vi også 4 stk. Aruba 3810. Her kjem 2 nye i neste byggetrinn.</p>
Backup	Balestrand	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste. Bruker Veeam programvare.
Backup	Leikanger	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste. Bruker Veeam programvare.
Backup	Sogndal	Brukar Veeam programvare. Backup SAN er HP MSA CA. 12 TB Knytta til Fujitsu Server. Har samtidig kjøpt inn ny HP server som skal knyttast til EVA 6300 SAN Lagring ca. 12 TB Meininga er å ha dobbel backup der den eine er alltid Offline.
WIFI	Balestrand	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste. 29 aksesspunkt, Cisco (AIR-CAP3602I-E-K9 og AIR-CAP3702I-E-K9) . Sentral controller og management.
WIFI	Leikanger	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste. 42 aksesspunkt, Cisco (AIR-CAP3602I-E-K9 og AIR-CAP3702I-E-K9) Sentral controller og management.
WIFI	Sogndal	Vi har tilsaman wifi 175 punkt Nesten alle er AeroHive.

		Har både lokal og ekstern HiveManager. Mesteparten på lokal HiveManager. Wifi punkt i alle lokasjonar.
Skrivarar	Balestrand	6 stk Konica Minolta multifunksjonsmaskiner (1 stk C658 med Safecom, 2 stk C554E der ein har Safecom, 3 stk C224E) 4 stk HP multifunksjonsmaskiner (2 stk HP Color LaserJet MFP M476dn, 2 stk HP Color LaserJet MFP M477fdn) 16 stk nettverksskrivarar HP, ulike modellar Ukjent tal bordmodellar/ lokale skrivarar, men avgrensa og stort sett HP
Skrivarar	Leikanger	Har 8 multifunksjonsmaskiner (Rico Aficio og Konica Minolta) 17 Nettverks/USB skrivarar
Skrivarar	Sogndal	Har 27 KonicaMinolta multiskrivarar. 23 med Safeq. Samtidig har vi ca. 50 stk. nettverksskrivarar/USB. For det meste HP utstyr. Målsetjinga er å fleste mogeleg over på Safeq.
PC-ar	Balestrand	Totalt: 183 berbare og 46 stasjonære (per 1. desember 2017) Av dette 117 berbare og 7 stasjonære elevmaskiner.
PC-ar	Leikanger	Totalt: 160 berbare og 159 stasjonære (per 1. desember 2017). Ca 160 nettbrett. Av dette 111 berbare og 87 stasjonære elevmaskiner.
PC-ar	Sogndal	Ca. 1500 pc-ar/nettbrett
Telefoni	Balestrand	Phonero. Mobilt sentralbord frå Phonero. 112 mobiltelefonabonnement. 5 fasttelefoniabonnement. 1 mobilt breiband. Har telefonsentral på Helsetunet og Sagatun skule, men nyttar mobilt sentralbord frå Phonero på desse einingane også. Helsetunet sin sentral er kopla mot alarm på brukarane sine rom som kan varsle trådlause dect telefonar. Har 1 stk Telenor abonnement på ein heis fordi systemet ikkje

		fungerte med Phonero si løysing.
Telefoni	Leikanger	Phonero. Fasttelefonar. IP-sentral for administrasjon, ungdomsskulen og legekantoret. Sjukeheimen har eigen telefonsentral. Barneskulen har eigen telefonsentral. 35 mobiltelefonabonnement - for det meste i pleie og omsorg og uteseksjon.
Telefoni	Sogndal	<p>Vi har Phonero på både fast telefon og mobil telefon.</p> <p>Fast telefon: Avaya telefonsentral. på kommunehuset. Har nummerserie frå 5762600 til 57629699. Sentralbord på kommunehuset. Telefonsentralen er også ein IP sentral.. Kvåle skule, Kaupanger skule og Norane skule og. har eigne telefonsentralar med innvalgsnummer serie. Kvåle: 57679040 - 57679059 Norane: 57628930 – 57628949 Kaupanger skule: 57628900 – 57628929 Samtidig har Fjærland omsorgssenter, Kyrkjebakken bhg, Furuli bhg, Notsete bhg. eigen nummer serie. På SHOS, Helsesenter, Trudvangs skule og PPT har vi Skype kommunikasjon. Her har vi nummerserie frå 57629700 til 57629899 Sogndal Legesenter og PPT har mobilt sentralbord.</p> <p>Mobil: Vi har tilsaman 204 mobilabonnement av ulik funksjon. Av dei er 25 knytt til parkeringsautomatar. 20 er knytt vil vatn,avlau, brannalarm og heis.</p>
Lokasjonar	Balestrand	Rådhuset Helsesenteret (doktor, helsesyster, fysioterapeut, psykiatrisk sjukepleiar) Helsetunet Sagatun skule Balestrand folkebibliotek Sagatun barnehage

		Klokkargarden Aktivitetssenteret/ GS (gamle Sagatun skule)/ ungdomsklubben Anleggstenesta/ brannstasjon Eplehagen Victoriahagen Balestrand bygdahus Nesse oppvekstsenter Fjordtun oppvekstsenter
Lokasjonar	Leikanger	Tinghuset Leikanger sjukeheim Leikanger helsesenter Nybø barnehage Henjahugane barnehage Leikanger barneskule Leikanger ungdomsskule Sorenskrivargarden NAV Lundheim Stadheimgarden Sogn kulturskule, lokasjon Sogndal (Kulturhuset) Saften Leikanger vassverk
Lokasjonar	Sogndal	Kommunehuset Kulturhuset Sogndal Helse og Omsorgssenter (SHOS) Grushola Fjærland omsorgssenter Sogn Legesenter Trudvang skule Kvåle skule

		Kaupanger skule Fjærland oppvekstsenter (barnehage og skule) Norane oppvekstsenter (barnehage og skule) Furuli barnehage Kjørnes barnehage Kyrkjebakken barnehage Notsete barnehage Fjørevegen 17 Solhov Skarpateigen 7 Stedjevegen 21B Stedjevegen 29
Serverrom	Balestrand	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste.
Serverrom	Leikanger	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste.
Serverrom	Sogndal	1 serverrom på Sogndal Helse og Omsorgssenter.
Brannmur	Balestrand	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste.
Brannmur	Leikanger	Vert kjøpt av fylkeskommunen som ein teneste.
Brannmur	Sogndal	PaloAlto

Oversikt over system og programløysingar

	Balestrand	Leikanger	Sogndal
Barnehage			
IST Barnehage			Ja

Skule			
IST Skule			Ja
Fronter	Ja	Sagt opp	Ja
Vokal			Ja
Transponder			Ja
SATS	Ja	Ja	
PPT			
Visma Flyt PPT			Ja
HK Oppvekst	Ja		
Barnevern			
Visma Familia Barnevern			Ja
Helse og sosial			
CGM Allmenn	Ja	Ja	Ja
CGM Helsestasjon	Ja	Ja	
Visma Omsorg HsPro			Ja
ProMed	Ja	Ja	Ja
Visma Flyt Sampro	Ja		Ja
Visma Flyktning	Ja	Ja	Ja

Socio	Ja	Ja	Ja
Visma Voksenopplæring			Ja
Pleie og omsorg			
Gerica	Ja	Ja	Ja
Sak og arkiv			
ESA sak og arkiv	Ja	Ja	Ja
Kommunalteknikk			
KomTek	Ja	Ja	Ja
GisLine	Ja		Ja
Økonomi			
Visma Enterprise Økonomi & Innkjøp	Ja	Ja	Ja
Løn og personal			
Visma Enterprise HRM	Ja	Ja	Ja
WinTid		Ja	
Nettsider			
CustomPublish	Ja	Ja	Ja
Kommune 24:7		Ja	Ja
KF Skjema	Ja		

Kontorstøtte			
TQM Enterprise	Ja	Ja	Ja
Skype	Ja	Ja	Ja
Office 365	Ja	Ja	Ja (oppvekst)
Office 20xx	Ja	Ja	Ja (administrasjon)
Outlook	Ja	Ja	Ja
Sharepoint			Ja

1.4 Kompetanse

Tenesteområde	Kommune	Beskriving
IKT-drift	Balestrand	Sogn og Fjordane fylkeskommune Fellesressurs GIS for Sogn regionråd NN NN NN
IKT-drift	Leikanger	Sogn og Fjordane fylkeskommune Fellesressurs GIS for Sogn regionråd NN NN NN
IKT-drift	Sogndal	NN NN

		NN 1 engasjement 2 lærlingar Sogn og Fjordane fylkeskommune Fellesressurs GIS for Sogn regionråd
IKT-support	Balestrand	Sogn og Fjordane fylkeskommune Fellesressurs GIS for Sogn regionråd NN, Servicetorget NN NN (Sogatun skule)
IKT-support	Leikanger	NN, serviceekspedisjon NN, serviceekspedisjon NN, serviceekspedisjon/skule NN, Leikanger barneskule NN, Leikanger ungdomsskule NN, pleie og omsorg, Gerica Sogn og Fjordane fylkeskommune, IKT
IKT-support	Sogndal	IKT-drift
Helse og sosial	Balestrand	NN (Gerica) Sogn og Fjordane fylkeskommune, IKT
Helse og sosial	Leikanger	NN (Gerica) Sogn og Fjordane fylkeskommune, IKT
Helse og sosial	Sogndal	NN (systemansvarleg, 100%)

1.5 Relevante nøkkeltal

Nøkkeltal:

- Rekneskapstal er inkludert under *1.1 Status for tenesteområdet i dag*
- Kontraksverdier er inkludert under *1.2 Gjeldende avtaler internt og mot tredjepart*
- Antal brukarar for IKT-systema er inkludert under *1.3 System og programløyisingar*

1.6 Utfordringar med grunnlag i nasjonale og kommunale føringar

Utfordring	Vurdering
Avklaring av organisering av IKT-drift	<p><u>Risiko:</u></p> <p>Det tek lang tid å avklare organisering av IKT-drift for nye Sogndal kommune og dette gjer at det tek lang tid før ein kjem i gang med nødvendige tiltak som anskaffelsar, oppsett av infrastruktur, tilsettingar, osv.</p> <p><u>Konsekvens:</u></p> <p>Svært høg. Ein klarar ikkje å levere nødvendige tenester til 1. januar 2020. Den nye kommunen er handlingslamma fordi tenester som må fungere (lønn, arkiv, osv) ikkje er klare tidsnok.</p> <p><u>Sannsynlighet:</u></p> <p>Svært høg. Avklaring av organisering av IKT-drift er ei vanskeleg avgjerd som betyr mykje både for den nye kommunen og dei som arbeider med IKT-oppgåver i dagens kommunar. Sogndal har organisert drifta internt med noko ekstern støtte mens Balestrand og Leikanger har satt ut drifta til Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Her har kommunane to motsette løysingar og ein må einast om ei heilskapleg løysing for den nye kommunen: kommersiell leverandør, eiga regi, interkommunal samarbeid eller ein kombinasjon av desse.</p>

Økonomiske rammer

Risiko:

Det er ein risiko at det ikkje blir sett av tilstrekkelige økonomiske rammer til nødvendige investeringar og/eller driftskostnader på IKT-området og dette gjer at ein må ta snarveggar og/eller utelate tiltak.

KS-rapporten *Digitale konsekvenser av en kommunesammenslåing* peiker på at *digital sammenslåing er én av de største kostnadspostene ved kommunesammenslåing. Erfaringer fra utlandet og private virksomheter viser at kostnadene ved digital sammenslåing ofte undervurderes.*

Av 30 MNOK i budsjett ved sammenslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune er 16 MNOK satt av til IT-investeringar, i følgje Sogn Avis. Kommunen sitt tenestespekter er vesentlig breiare enn fylkeskommunen, men fylkeskommunen har fleire tilsette og fleire brukarar. Til samanlikning brukte Sør- og Nord-Trøndelag 27 av 30 MNOK til it-relaterte tiltak under etablering av Trøndelag fylkeskommune.

KS-rapporten viser til at årlige IKT-kostnader inkl. interne IKT-årsverk i 2014 var på ca 1400 kroner per innbyggjar eks.mva. for kommunar med mellom 5 000 og 19 999 innbyggjarar. Justert for årlig inflasjon på 2.5% tilsvarar det ca 1500 kroner per innbyggjar eks.mva i 2018. Om me tek utgangspunkt i innbyggartal for 2017 for Sogndal (7491), Leikanger (2332) og Balestrand (1288) utgjer dette årlige IKT-kostnader på totalt ca 16 500 000 kroner eks.mva.

Konsekvens:

Svært høg. Ein klarer ikkje å levere tenester av forventa kvalitet til 1. januar 2020. Ein hamnar i ei digital bakevje fordi ein ikkje får implementert ein formålstenleg IKT-infrastruktur for den nye kommunen. Ein må basere seg på gamal infrastruktur som har blitt til over fleire år med lapping. Dette dannar eit dårleg fundament for framtida og mange utfordringar innafor sikkerheit (tilgjengeligheit, konfidensialitet, integritet), kapasitet, digital tenestekvalitet, fleksibilitet, osv.

Sannsynlighet:

Svært høg. Det kan vere vanskeleg å kommunisere og forstå behovet for investeringar på IKT-området og det kan ta tid å få oversikt over nødvendige investeringar på IKT-området. Det er mange områder som ønsker/bør/må ha investeringar i forbindelse med kommunesamanslåinga og det er begrensa midlar til rådighet. Sogndal kommune eig stordelen av IKT-infrastrukturen sjølv, men den er blitt til over tid og kapasiteten i infrastrukturen bør brukes for å sikre drifta av kommunen fram mot 2020. Leikanger og Balestrand kommune har leigd infrastruktur hos Sogn og Fjordane Fylkeskommune og eig dermed svært

	<p>begrensa infrastruktur sjølv. Ein treng i stor grad å etablere ny IKT-infrastruktur for ny kommune i parallell med dagens drift for å sikre drifta fram mot 2020 og for å sikre ei heilheitleg løysing med tilstrekkelig kapasitet og kvalitet for den nye kommunen.</p>
<p>Koordinering mellom tenestekområda</p>	<p><u>Risiko:</u></p> <p>Val knytt til fagsystem vert gjort utan å ta hensyn til heilheiten. Dette gjeld for eksempel ved anskaffelsar av nye system, vidareføring av eksisterande system, sammenslåing av eksisterande system, oppsett/ending av integrasjonar mellom system, datakonvertering, osv.</p> <p><u>Konsekvens:</u></p> <p>Høg. Det blir umulig eller krev ekstra arbeid å levere viktige funksjonar som felles autentisering og tilgangskontroll, arkivering, overvåking, integrasjonar, osv.</p> <p><u>Sannsynlighet:</u></p> <p>Høg. Det kan være vanskelig å kommunisere og forstå behovet for å ta hensyn til heilheiten ved kjøp av fagsystem. Det kan være vanskeleg å sjå alle samanhengane mellom fagsystem og andre system i IKT-infrastrukturen.</p>
<p>Stort område å kartlegge</p>	<p><u>Risiko:</u></p> <p>IKT-arbeidsgruppa klarer ikkje å kartlegge godt nok til å finne alle nødvendige tiltak - noko blir gløymt.</p> <p><u>Konsekvens:</u></p> <p>Moderat. Det som blir gløymt blir ikkje levert til 1. januar 2020. Ei eller fleire av tenestene i den nye kommunen er ikkje fungerande. Det dukkar opp ekstra utgifter som ikkje er tatt høgde for i budsjettet.</p> <p><u>Sannsynlighet:</u></p> <p>Høg. Det er satt av lite tid til kartleggingsarbeidet. Det er eit stort område å kartlegge. IKT-prosjektleder er nyttilsett og har ikkje bakgrunn frå kommunal sektor.</p>

<p>Kapasitet og kompetanse</p>	<p><u>Risiko:</u></p> <p>Det manglar kapasitet og kompetanse til gjennomføring av nødvendige aktivitetar fram mot 1.1.2020.</p> <p><u>Konsekvens:</u></p> <p>Høg. Ein klarer ikkje å levere tenester av forventa kvalitet til 1. januar 2020. Ein hamnar i ei digital bakevje fordi ein ikkje får implementert ein formålstenleg IKT-infrastruktur for den nye kommunen. Ein må basere seg på gamal infrastruktur som har blitt til over fleire år med lapping. Dette dannar eit dårleg fundament for framtida og mange utfordringar innafor sikkerheit (tilgjengelighet, konfidensialitet, integritet), kapasitet, digital tenestekvalitet, fleksibilitet, osv.</p> <p><u>Sannsynlighet:</u></p> <p>Høg. Uavhengig av organisasjonsform vil det krevje mykje arbeid. Om samarbeidet med Sogn og Fjordane fylkeskommune blir vidareført og eventuelt utvida så har dei si eiga omstilling som går i same periode og vil derfor være pressa på ressursar. Om samarbeidet ikkje blir vidareført vil ein ha valet mellom å finne ein anna samarbeidspart, finne ein leverandør, gjere arbeidet sjølv eller ein kombinasjon av desse. Dei to første alternativa krev at dagens ressursar i kommunane må bruke både kapasitet og kalendartid på å finne samarbeidspart eller køyre anbudsrunde. Det siste alternativet krev at dagens ressursar må bruke kapasitet på faktisk gjennomføring av aktivitetar. Uavhengig av alternativ vil ein kunne leige inn konsulentar som vil hjelpe av både kapasitet og kompetanse – dette reduserer sannsynligheten for risikoen. Uavhengig av alternativ må ressursane fortsatt ta hand om sine oppgåver (drift, support, leverandøroppfølging, osv) for å sikre drifta fram mot 2020.</p>
<p>Anskaffelsesregelverk</p>	<p><u>Risiko:</u></p> <p>Ein klarer ikkje å følgje anskaffelsesregelverket og gjer feil ved beslutning om nye anskaffelsar, terminering av kontrakter eller vidareføring av eksisterande kontrakter.</p> <p><u>Konsekvens:</u></p> <p>Moderat. Ein risikerer å bli klaga inn til KOFA av ein konkurrerande leverandør. Kommune blir dømt for å ha gjort ulovlig direkte anskaffelse og må kompensere den konkurrerande leverandøren. Kommunen får negativ merksemd.</p>

	<p><u>Sannsynlighet:</u></p> <p>Moderat. Det er komplisert å tolke regelverket og ein ønsker sannsynligvis i fleire tilfeller å vidareføre eksisterande kontrakter med nokre endringar: ny kommune er avtalepart, samanslåingsjobb må gjerast, ein går frå brukarmasse for ei kommune til tre kommunar, osv. Det skal likevel litt til for at ein konkurrent oppfatter kva som har skjedd og vel å sende klage til KOFA. Det er altså større sannsynlighet for at ein gjer feil enn at feilen får konsekvensar.</p>
<p>Heildigital kommune og digitalt førsteval</p>	<p><u>Risiko:</u></p> <p>Det er store forventningar til at den nye kommunen skal være heildigital. Det er ein risiko at ein ikkje klarer å innfri innan 1.1.2020.</p> <p>Felles politisk plattform for nye Sogndal kommune har vedtatt eit prinsipp om at <i>kommunen skal vere ein heildigital kommune, der innbyggjarar, tilsette og næringsliv har eit reelt digitalt fyrsteval uavhengig av plattform.</i></p> <p>Digitalt førsteval blir beskrevet nærmere i stortingsmeldinga <i>Digital agenda</i>:</p> <p><i>Tjenestene skal være enklere å bruke og lettere tilgjengelige enn papirskjemaer eller personlig fremmøte. Tjenestene skal også gi en reell merverdi, for eksempel ved raskere saksbehandling, enklere innsyn i egne personopplysninger og redusert rapportering ved gjenbruk av data som allerede er samlet inn.</i></p> <p><i>Brukere skal få hjelp og veiledning til å benytte virksomhetens digitale tjenester, for eksempel gjennom veiledning på nett, digital dialog, direkte kontakt, eller medbetjening ved personlig frammøte. Virksomheter som har grenseoverskridende ansvarsområder bør samarbeide, og gi brukerne et hensiktsmessig og helhetlig tilbud, uavhengig av måten forvaltningen er organisert på.</i></p> <p><i>Digitalt førstevalg innebærer at forvaltningen så langt som mulig er tilgjengelig på nett, og at nettbaserte tjenester er hovedregelen for forvaltningens kommunikasjon med brukerne. Innbyggerne må aktivt velge manuelle løsninger hvis de foretrekker det.</i></p> <p><i>Virksomhetene må drive virksomhetsutvikling gjennom digitalisering, og i tilknytning til fullføringen av digitalt førstevalg skape effektive arbeidsprosesser som er samfunnsøkonomisk lønnsomme,</i></p>

	<p><i>kartlegge gevinstmuligheter og realisere gevinstene.</i></p> <p><i>Retningen og ambisjonen for regjeringens politikk kan formuleres slik:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Offentlig sektor spør deg ikke på nytt om noe den vet</i> • <i>Du trenger ikke søke om noe du har rett til</i> • <i>Hvis offentlig sektor trenger informasjon fra deg, skal du kunne gi den digitalt</i> • <i>Du får svar digitalt</i> • <i>Du får umiddelbart svar hvis det ikke er behov for bruk av skjønn</i> • <i>Du kan enkelt få vite hva offentlig sektor vet om deg og hvem som har sett denne informasjonen</i> <p>Å være ein heildigital kommune for innbyggjarar, tilsette og næringsliv er eit ambisiøst prinsipp. Å bli ein heildigital kommune vil krevje kapasitet, kompetanse og vilje frå heile organisasjonen og på alle nivå.</p> <p>Det vil ta tid å bli ein heildigital kommune. Å prioritere å være ein heildigital kommune er som å seie at alt digitaliseringsarbeid er prioritert. For å få god verdi og gjere gode val treng ein å tydeleggjere prioriteringane.</p> <p><u>Konsekvens:</u></p> <p>Middels. Den nye kommunen blir ikkje heildigital til 1.1.2020. Eventuelle forventningar om dette kan gi negativt inntrykk av kommunesammenslåinga og kommunen. Det bør brukes tid på organisering av digitaliseringsarbeidet. Det bør brukes tid på forankring på alle nivå i organisasjonen før ein set i gang digitaliseringsarbeidet. Det bør brukes tid på å tydeleggjere prioriteringane for digitalisering før ein set i gang digitaliseringsarbeidet.</p> <p><u>Sannsynlighet:</u></p> <p>Svært høg. Det er arbeidsgruppa si oppfattning at den nye kommunen ikkje blir heildigital til 1.1.2020.</p>
<p>Metodikk for god praksis i kommunen sitt arbeid med IKT-system</p>	<p><u>Risiko:</u></p> <p>Felles politisk plattform for nye Sogndal kommune har vedtatt eit prinsipp om at <i>kommunen sitt arbeid med IKT system, byggjer på metodikk for beste praksis.</i></p> <p>Dette betyr typisk innføring av rammeverk som ITIL for å formalisere prosessane rundt IKT-drift og styring</p>

av denne.

Det krev ein heil del arbeid og kalendartid å innarbeide eit slikt rammeverk i organisasjonen.

Det er ein risiko at ein ikkje klarer å innfri innan 1.1.2020.

Konsekvens:

Moderat. IKT-drift for nye kommunen arbeider etter beste evne, men ikkje nødvendigvis etter metodikk for god praksis.

Sannsynlighet:

Moderat. Personell som alt har det ekstra travelt i forbindelse med samanslåing får enno meir å gjere. Sannsynligvis vil ein innføre ein del god praksis men ikkje klare å dekke alt arbeide / alle prosessar innan 1.1.2020.